

Torsdag 9. mai, 2019

Tilstandsrapport for grunnskulen i Haram 2019



Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Kryss av for kven som har vore involverte i prosessen med å utarbeide tilstandsrapporten.

| Medverknad i utarbeidinga av rapporten | Ja | Nei |
|---|----|-----|
| Elevar og foreldre (f.eks. dialogmøte) | x | |
| Organisasjonane | x | |
| Skolar | x | |
| Administrasjonen i kommunen/fylkeskommunen | x | |
| Politikarar i kommunen/ fylkeskommunen | x | |

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstill informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultata i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.



Innhald

| | |
|---|-----------|
| 1. Samandrag | 5 |
| 2. Hovudområder og indikatorar..... | 6 |
| 2.1. Elevar og undervisningspersonale..... | 6 |
| 2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk | 6 |
| 2.1.2. Lærartettleik..... | 7 |
| 2.2. Læringsmiljø..... | 9 |
| 2.2.1. Elevundersøkinga | 9 |
| 2.2.2. Mobbing på skolen (prosent) | 11 |
| 2.2.3. Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent) | 12 |
| 2.3. Resultat | 14 |
| 2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget | 14 |
| 2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg | 18 |
| 2.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk | 27 |
| 2.3.4. Grunnskolepoeng..... | 29 |
| 2.4. Gjennomføring | 30 |
| 2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO..... | 30 |
| 3. System for oppfølging (internkontroll)..... | 33 |
| 4. Konklusjon | 34 |

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Denne statusrapporten gjeld utviklinga i grunnskulen i Haram til og med skuleåret 2018/19. Dei fleste data er henta ut frå undersøkingar haust 2018, samt eksamensresultat vår 2018.

Elevar og undervisningspersonale

Vi veit at sertifiseringa som dysleksivennlege skular har gjort kvardagen til dyslektikarane i Haramskulen lettare. Saman med dysleksi Norge er Haramskulane no i gong med å bygge kompetanse rundt reknevanskar og dyskalkuli.

Elevsituasjonen er framleis stabil, men med ein liten oppgang dette skuleåret. Brattvåg, Tennfjord og Vatne ser ut til å få ein auke dei komande åra, medan Søvik, Flem og Haramsøy kan få ein reduksjon. Elevantala på dei 2 private skulane er også minkande.

Haram sin desentraliserte skulestruktur gjer at kommuna har færre elevar pr. lærar enn landssnittet.

Læringsmiljø

Læringsmiljøet i skulane har vore høgt prioritert dei siste 3 åra. Mobbetala har gått kraftig ned, men vi ynskjer å bli enno betre. Suksessfaktoren ligg i tidleg innsats, godt planverk, kompetente lærarar og vellukka samarbeid med foreldra.

Alle skulane i Haram er med i eit utviklingsprosjekt leia av MOT som er kalla «Skulen som samfunnsbygger». Dette prosjektet handlar om å bygge robuste menneske og robuste lokalsamfunn.

Lesing

Lesing er det viktigaste av satsingsfelta i Haramskulen. Alle skulane har eigne leselærarar som danner nettverk med Leselosar og Leselærarar der deling av kompetanse og felles utviklingsprosjekt blir arbeid med. Denne gruppa har eit glødande engasjement og er pådrivarar på sine skular.

På nasjonale prøver scorar vi framleis for lågt på lesedugleik, men ser tydeleg framgang på eksamensresultata i norsk på 10. trinn.

Andre resultat

Når det gjeld grunnskulepoeng ligg Haram med eit snitt på 40,8 poeng. I fjor låg vi litt over landssnittet, men å år kryp vi litt under.

Grafane over Læringskultur og elevdemokrati / medverknad syner at her er det klare forbettringsområde.

Haramskulane har markert seg sterkt teknologisk og digitalt. Tennfjord skule vann First Lego league på Nordre Sunnmøre og deltok i den nasjonale finalen i Oslo. Alle elevar frå 1.-4. trinn har eigen Ipad og alle elevar frå 5.-10. trinn har eigen pc. Fleire av skulane har laga eller er i ferd med å lage Skaparverkstad. Inn mot Fagfornyninga og ein framtidsretta skule vil vi opne for at elevane får erfaring i å sjå moglegheiter, og til å omsetje idear til handling. Det er viktig å lære seg å tenke utanfor boksa, og å lære seg strategiar for å få utført desse ideane i praksis.

Vi vil at dei skal stille spørsmål, utforske og eksperimentere, noko som er viktig for djupnelæringa.

Vi vil at dei skal lære å samarbeide, og å bli inspirert til nytenking og entreprenørskap, akkurat for å omsetje nye idear til handling.

Vi veit også at ferdigheiter som kritisk tenking og problemløysing, kreativitet og innovasjon, kommunikasjon og samarbeid, fleksibilitet, ta ansvar og initiativ er ferdigheiter som er etterspurt.

Av skulane på Sunnmøre ligg Haramskulen langt framme både teknologisk, digitalt og pedagogisk.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.



2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Haram kommune skal ha undervisningspersonale med godkjent utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Haram kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

| Indikator og nøkkeltall | 2014-15 | 2015-16 | 2016-17 | 2017-18 | 2018-19 |
|--|---------|---------|---------|---------|---------|
| Talet på elevar | 1 048 | 1 018 | 1 034 | 1 018 | 1 031 |
| Årsverk for undervisningspersonale | 107,0 | 106,6 | 109,2 | 109,0 | 108,8 |
| Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning | 96,3 | 96,9 | 94,5 | 93,5 | 88,1 |

Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skoleeiers egenvurdering

Elevtala i Haramskulen er stabile. Skuleåret 2018/19 auka talet med 13 elevar.

Årsverka i skulen er også svært stabile. Dei 2 siste åra er årsverka kvart år redusert med 0,2%

Undervisningspersonale med godkjent utdanning har dei siste 4 åra blitt redusert med 8,8%. Dette er ei bekymringsfull utvikling som delvis skuldast at mange lærarar tar pålagt vidareutdanning og at det er aukande lærarmangel i Noreg.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervisning


Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lokale mål

Haram kommune satsar på tidleg innsats og vil auke lærartettleiken på 1. – 4. trinn

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Haram har relativ høg lærartettleik. I åra som kjem vil vi gradvis styrke tidleg innsats slik at vi prioriterar enno sterkare dei første årstrinna.

2.2. Læringsmiljø

2.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderes og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Andel elevar som har blitt mobba (prosent):** Se eget diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobbet som er i prosent.

Lokale mål


Haram kommune bør vere på landssnittet på læringsmiljø

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Det er gledeleg at Haram skårar høgt på støtte frå lærarane. Vi veit at dette er ein avgjerande faktor for elevane si læring. Det er likevel eit tankekors at resultatane går ned på alle områda over frå 7. trinn til 10. trinn. Særleg synest vi det er merkeleg at resultatane når det gjeld Vurdering for læring og elevdemokrati og medverknad har ein fallande tendens. Det burde strengt tatt ha vore motsatt. Så her kan det vere grunn til å spørje elevane nærmare kva som er grunnen til at dei opplever det slik.


2.2.2. Mobbing på skolen (prosent)

Mobbing på skolen viser prosentdelen elever som opplever mobbing på skolen 2 eller 3 ganger i månaden eller oftere. Prosentdelen elever som opplever mobbing på skolen er summen av den prosentdelen elever som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 ganger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elever som har blitt mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål


Haram arbeider for at ingen elever i Haramskulen skal kjenne seg mobba

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn


Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

2.2.3. Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

Prosentdelen elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i måneden eller oftare av andre elevar. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen av andre elevar er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba av andre elevar 2-3 gonger i måneden eller oftare seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Her viser resultatene at det vert arbeidd svært godt i Haramsskolen når det gjeld elevane sitt læringsmiljø. Skulane har arbeidd systematisk dei siste 4 åra for å redusere mobbetala. På desse 4 åra er mobbing redusert frå 9,6% til 2,9%.

Vi må likevel ha ein null-visjon når det gjeld mobbing. Ein elev som opplever mobbing på skulen er ein elev for mykje.

2.3. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Haram kommune bør være på landssnittet i nasjonale prøver

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform




Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, 2018-2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing

Kan inneholde data under publiseringsgrense.



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2018–2019, Trinn 5, Begge kjønn


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2018–2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2018-2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Det som er tydelegast når vi analyserer resultatet for 5.trinn, er at vi i Haram har få elevar på mestringsnivå 3. Særleg gjeld dette i lesing og i rekning. Vi skulle også ha ønska at vi hadde færre elevar på lavaste nivå.

Det har vore jobba hardt og godt med lesinga i Haram i mange år. Likevel er ikkje resultatene som ønska. Det betyr at vi må evaluere måten vi arbeider på, og samtidig ha tålmodigheit nok til å halde ut lenge nok til at vi oppnår resultat. Ein tanke frå oss er at vi er flinke til å legge til rette for dei som slit med lesing/rekning, men kanskje ikkje gode nok til å løfte dei som burde hatt ekstra utfordringar. Når det gjeld øving til nasjonale prøver, så er ikkje det noko vi ved våre skular driv med i utstrekt grad. Vi har førebudd dei på korleis prøvene er lagt opp, og at dei veit korleis dei skal gjennomførast.

2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg

Om lesing

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Haram kommune bør være på landssnittet i nasjonale prøver


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2018-2019, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2018-2019, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2018-2019, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Trenden er den same for ungdomstrinnet som for barnetrinnet; vi har ganske mange elevar på gjennomsnittleg nivå, medan vi har for få på det øverste nivået. Vi meiner at dette heng saman med at vi ikkje er gode nok på tilpassing til kvar einskild elev, slik at kvar elev får henta ut potensialet sitt. Vi har også ein relativt stor andel på lavaste nivå samanlikna med med landssnittet. Dette gjeld både i lesing, rekning og engelsk.

Men det er viktig at vi ikkje brukar nasjonale prøver som fasiten på kor vellukka Haramsskulen er når det gjeld lesing, rekning og engelsk. Ja det er ein indikator som måler ein del. Men vi må også gjere andre vurderingar når vi skal evaluere Haramsskulen. Lærarane gjennomføre andre kartleggingar både i det daglege, og ved ulike kartleggingsprøver som må takast med i den samla vurderinga. Det er likevel på

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

sin plass og evaluere måten vi arbeider med dei grunnleggande ferdigheitene på, for å sjå om det kan finnast betre måtar å auke elevane sin kompetanse på.

2.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk


Standpunkt-karakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Haram kjem godt ut både når det gjeld eksamen og standpunkt i matematikk og engelsk. Faktisk over snittet. Her viser elevane klar framgang i høve til nasjonale prøver-resultatat frå 9. klasse.

Når det gjeld norskfaget heng vi litt etter. Kva dette kan skuldast er vanskeleg å seie sikkert. Men det kan henge saman med at resultata i lesing heller ikkje har vore gode nok. Elevar som ikkje likar godt å lese, vil kunne finne norskfaget vanskeleg. Standpunktkarakterane i norsk, som måler ein breiare del av eleven sin kompetanse, er på nivå med resten av landet.

2.3.4. Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.


Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Haram kommune skal ligge på landssnittet i grunnskulepoeng

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

Haram kommune hadde svært gode resultat sist år. No fikk vi ein nedgang, men likevel det nest beste resultatet vi har hatt dei siste 5 åra.

2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Ein feil i Skoleporten gjer at overgangar frå grunnskule til VGO ikkje blir vist i mal for tilstandsrapport for offentlege skuleeigarar. Vi jobbar med å løysa problemet, og tilrår at ein inntil vidare hentar ut tala frå rapportbyggjaren i Skoleporten.

Lokale mål

Haram kommune skal ligge over landssnittet på elevar som er registrerte på vidaregåande skule

Haram kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

| Indikator og nøkkeltall | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|------|------|------|------|------|
| Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole | | | | | |
| Haram kommune skoleeier | | | | | |
| Kommunegruppe 10 | 98,5 | 98,8 | 98,5 | 98,6 | 98,9 |
| Møre og Romsdal fylke | 99,1 | 98,6 | 98,9 | 98,8 | 97,8 |
| Nasjonalt | 98,3 | 98,3 | 98,4 | 98,1 | 98,0 |
| Haram kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Alle eierformer og Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn | | | | | |

Skoleeiers egenvurdering

Ein feil i Skuleporten har gjort at haram kommune ikkje har registrert desse tala. Haram kommune har imidlertid over tid vore over både fylke og nasjonalt nivå.

3. System for oppfølging (internkontroll)

Haram kommune hadde i 2018 tilsyn frå Fylkesmannen på spesialpedagogiske tiltak og internkontroll.

I etterkant av dette tilsynet har grunnskuletenesta og PPT laga eit svært godt internkontrollsystem med tydelege prosedyrer, kompetanseheving, årshjul og sjekklister. Fylkesmannen har uttalt at dette er eit eksempel til etterfølging for andre kommunar.

4. Konklusjon

Vår meining er at tilstandsrapporten ikkje gir det fulle biletet av tilstanden i Haramskulen. Det at vi skal kommentere berre resultat på ein del indikatorar er greitt, men det er viktig å ha med seg at skule handlar om ei rekkje ting som desse indikatorane ikkje direkte måler. At resultat på elevundersøkinga er gode, seier noko om at dei fleste elevane i Haram trivst på skulen. Vi må likevel jobbe hardt vidare for at alle elevar skal ha det bra på skulen.

Vi ser at vi må arbeide vidare med ein del faglege utfordringar innan dei grunnleggande ferdigheitene. Vi meiner på den andre sida at vi er komne langt med ei anna grunnleggande ferdigheit, nemleg digital dugleik. Her er Haramskulen langt framme både når det gjeld utstyr og når det gjeld å ta dette i bruk for å auke elevane si læring.

Vi veit at sertifiseringa som dysleksivennlege skular har gjort kvardagen til dyslektikarane i Haramskulen lettare.

Skulane i Haram er utviklingsretta, og ynskjer å utvikle skulen inn i framtida. Vi har stadig besøk og forespurnader frå andre kommuner om å få lære av oss. Høgskulen i Volda har besøkt Haram for å lære om korleis teknologi kan nyttast i undervisninga, og vi har hatt representantar ute på konferansar for å fortelje om korleis vi arbeider i Haram.

Så vi har mykje å vere stolte av, men vi har også område vi må bli betre på.